

Han er ikkje rådlaus, Vårherre.

Han er ikkje rådlaus, Vårherre,  
om eg og om Du står i beitt.  
Det hende nokk ofte,diverre,  
at vandskar - som storhavet breidt -  
låg stengjande beint framanfyre  
og tok alle livsvoner burt - - - .  
Der fanst 'kje den makt eller styre  
som auste det verdshavet turt - - - .

Då kom han so stillsleg, Vårherre,  
og opna i havet ein veg - - .  
Du låg der og undra Deg,berre,  
men vitet stod stille hjå Deg.  
For vitet ei reknar med under - - - .  
Men trass i din tærande tvil,  
Du røynde nok klårt slike stunder  
at Allheimens Skapar er til.

Han er ikkje rådlaus, Vårherre.  
Han styrer med liv og med død.  
Går ferdi oss stundom på tverre,  
med likamleg liding og nød -  
Han enno legg lækjande under  
i blommar, i mose og mold,  
og heilar dei verkjande vunder.  
Mot døden Han byggjer ein voll.

Johs.M.L.Rydland.